

Brandal Hjorteviltlag SA



Ytredalen 35, 6062 BRANDAL

Org.nr. 912 366 588 - Bank: 3910.49.63750

Til
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Brandal 1. august 2014

KLAGE PÅ VEDTAK I HAREID KOMMUNE, NMU, SAK: PS 46/14

Brandal Hjorteviltlag SA klagar med dette på vedtaket av 11. juli d.å i sak PS 46/14. Saka gjeld godkjenning av eit lite vald , eittdyrsvald, under gnr. 40 Brandal der Ståle Brandal er valdsansvarleg søkjar.

Årsaka til denne klaga er at vi meiner vedtaket er uheimla eller ulovleg. Søre Sunnmøre Landbrukskontor har saksutgreiinga for viltsaker i Hareid kommune. Men i saker der landbrukssjefen er ugild vert det nytta ekstern sakshandsamar. Dette er sjølvstendig ikkje turvande reint juridisk, men det er ei løysing som vert praktisert for å redusere arbeidsbelastninga ved landbrukskontoret. I denne klagesaka vart det nytta ekstern sakshandsamar fordi landbrukssjefen var ugild i høve ein av våre medlemmer samt at laget var involvert i teigblanding, argumentasjon, dokumentasjon og interesse rundt kommunal teig. I søknad og kommunikasjon har Ståle Brandal nytta argumentasjon i høve laget som er dokumentert usann, samt at han har nytta dokument frå lag og medlemmer. Vi er altså djupt involverte i denne saka.

Vi presiserer altså at vi ikkje klagar over eit eventuelt lovleg vedtak som ligg innanfor eit politisk skjønn som kan utøvast i samsvar med viltlov, hjorteviltforskrift og rettleiing til forskrift. Klagen har til formål å avklare om kommunen kan fatte gyldig vedtak som vi finn i strid med forskrift og rettleiing til forskrift.

Dette har løyst ut klagen vår:

1. Kommunen har godkjent eit vald på 368 daa, der ein teig på om lag 90 daa ikkje heng saman med resten av dei omsøkte teigane. Kommunen legg eit skjønn til grunn og reknar at §33 i forskrift gjev heimel til å rekne samanheng over både ein kommunal grunneigedom 40/70 og ein teig eigd av Hennum 40/23. Dette er i strid med det vi les av forskrift og rettleiing til forskrift. Det er heller ikkje i samsvar med dei reglane som ligg til grunn for oppdeling av vårt areal. Vi legg ved eit detaljkart som syner fakta.
2. Sakshandsaminga er delvis usann og underslår ein del opplysningar, m.a. at søkjarane kan nytte jaktretten sin ved å vere med i eit vald saman med våre medlemmer.
3. Sakshandsamar ga uvanleg lovtolking til utvalet i møtet han vart beden om å kommentere eit brev vi hadde levert. Fritt referert var lovtolkinga slik at kommunen er eit sjølvstendig forvaltingsorgan og at eit vedtak er lovleg når det er begrunna.

Brandal Hjorteviltlag SA



Ytredalen 35, 6062 BRANDAL

Org.nr. 912 366 588 - Bank: 3910.49.63750

Brandal Hjorteviltlag SA er eit lovleg organisert og registrert utmarkslag med hjorteforvaltning som saksområde. Vi har no 18 grunneigedomar under gnr. 40 Brandal. Vi har i år fått godkjent 4 nye vald. Årsaka til denne oppsplittinga er at medlemseigedomane er skilde av teigar som ikkje er medlemmer. Eit stort sameigeareal gjekk frå då eigedomen til Hennum, 40/11-23, gjekk ut av laget. Dette medførte nytt organiseringsarbeid. Seinare gjekk fire nye eigedomar ut av laget og starta organiseringsarbeid i samarbeid med Hennum og under leiing av Ståle Brandal. Dei vende seg til medlemene våre med oppmoding om utmelding. Ein medlem til melde seg ut, slik at det no til saman er 6 grunneigedomar med utmark som ikkje er med i laget. Hennum vart usamde med Ståle Brandal og gjekk frå. I det siste har Ståle Brandal fått med ein eigedom utan utmark som er mindre enn 5 daa.

Ståle Brandal vart usamd med Hennum i organisering av eit nytt vald, og søkte om å få disponere ein liten kommunal teig for å få samanhengande areal på minst 350 daa som er minstarealet i Hareid. Sakshandsamar kommenterte dette slik: ***"For søknad om vald i Indredalen vil gnr. 40/70 vere avgjerande for å få samanheng mellom dei aktuelle teigane. Utan denne samanhengen vil dei tilgrensande eigedomane vere for små for godkjenning av vald kvar for seg."***

Brandal Hjorteviltlag inviterte kommunen til å legge teigen til oss for at vi skulle få meir samanhengande areal. Sakshandsamar kommenterte dette slik: ***"- - invitasjonen frå Brandal Hjorteviltlag. Det arealet som vil gje samanheng er ca 15 m breidt og ca 70 m langt og består i hovudsak av grovsteina elveløp. Det vil neppe tilfredsstillе forskrifta sin definisjon på funksjonell samanheng i areal. - -"***

Hareid kommune såg at det var interessekonflikt og valde å stå nøytralt. Men i denne sakshandsaminga finn vi altså at sakshandsamar skriv at ein liten kommunal teig kan ha samanbindande verknad for eit vald, medan forskrifta er til hinder for at same teigen kan ha samanbindande verknad for eitt av våre vald.

Etter at sakshandsamar slår fast at 40/70 er avgjerande for å få samanhengande areal for Ståle Brandal endrar han standpunkt. Ein liten eigedom 40/20 kjem til, men den endrar ingenting når det gjeld samanheng. Den teigen vert oppgitt til å vere 7 daa, men på digitale kart er han 5,9 daa. Karta er ikkje korrekte i høve utskiftingstekst/kart så reelt areal er om lag 4,6 daa. Dette tek vi med fordi feilaktige kart er ein del av problematikken når det gjeld organisering i Brandal.

Sakshandsamar si utgreiing manglar klargjering av korleis sambandet er mellom teigane, eller korleis han reknar at valdet til Ståle Brandal skal henge saman. Derfor har vi teke oss den fridomen at vi har laga eit kart som syner kommunal veg, kommunal rørgate, kommunalt elveleie og næraste naboar.

I saka er det synt til Viltlova §33 for godkjenning av samanhengande areal over vegar og rørgater. Vi siterer lova sin § 33. (grunneiers jaktrett på vei):
Eier av vei med tilbehør har ikkje rett til jakt og fangst på denne uten at han også eier

Brandal Hjorteviltlag SA



Ytredalen 35, 6062 BRANDAL

Org.nr. 912 366 588 - Bank: 3910.49.63750

tilstøtende grunn. Den som eier grunnen på begge sider av en vei, har retten til jakt og fangst på veien selv om han ikke eier denne. Hvor vei danner grense mellom grunn som tilhører forskjellige eiere og ingen av disse eier veien, har hver av grunneierne rett til jakt og fangst på veien.

Reglene om jakt og fangst på vei gjelder også jernbane, rørgate, gate for kraftledning og lignende anlegg.

Vi kan forstå at kommunen vil syne velvilje og skjøn dersom det var ynskje med samanheng tvers over elva. **Men for Indredalen hjortevald må ein først gå over kommunal elvegrunn og deretter over eigedomen til Margaret og Dag Hennem for å knyte til Jens Terje Tennfjord sin teig.** Kommunen har altså vedteke at det er samanheng mellom 40/20 og 40/26 i samsvar med forskrift sjølv om to grunneigedomar ligg mellom.

Vi finn ikkje heimel for å rekne samanheng over annan grunneigedom som ikkje har stilt jaktretten sin til disposisjon., altså elvegrunnen som er i kommunal eige. Dette står også presisert i rettleiinga til viltlova.

Denne klaga er ein kontroll av om vedtaket er lovleg, og om det legg til rette for lovleg jakt. Derfor hastar det med avklaring før jaktstart.

Vi syner til protokollar og saksutgreiing som er å finne på kommunen sine heimesider.


Med helsing

for Severin Eilertsen

Arve Røyset
-nestformann-

Håkon J. Eliassen
-sekretær-

Vedlegg: Kart



Handwritten signature or initials in blue ink.